



2022-2023



Reppen barnehage AS

## **Innhold**

1.0 Innleiing.....	2
2.0 Visjon og verdigrunnlag.....	2
3.0 Formål og innhald.....	2
4.0 Årsplan 2022-2023 .....	2
<b>4.1 Livsmeistring og helse .....</b>	<b>3</b>
<b>4.2 Språkarbeid .....</b>	<b>4</b>
<b>4.3 Berekraftig utvikling .....</b>	<b>5</b>
5.0 Årshjul.....	6
6.0 Kultur og tradisjonar i Reppen barnehage .....	7
7.0 Fagområda.....	9
8.0 Barns medverknad .....	11
9.0 Samarbeid mellom heim og barnehage .....	11
9.1 Foreldrerådet, Foreldreutvalet og Samarbeidsutval.....	12
10.0 Overganger .....	12
10.1 Å starte i barnehagen .....	12
10.2 Overgang frå Jungelen til Sumpen. ....	13
10.3 Overgang barnehage-skule .....	13
10.3.1 Skulegruppa.....	13
11.0 Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	14
11.1 Planlegging .....	14
11.2 Dokumentasjon .....	14
11.3 Vurdering.....	14

## 1.0 Innleiing

Reppen barnehage er ein barnehage med to basar. Barnehagen heldt opent måndag til fredag frå 06.45 – 17.00. Det er stengt tre veker om sommaren. I 2023 er dette veke 28, 29 og 30. Me har 6 planleggingsdagar i året, der barnehagen også held stengt. For dette barnehageåret er det 12.august, 16.september og 4.november 2022, 2.januar, 3.februar og 19.mai 2023. I tillegg til dei tilsette kan me ha studentar frå høgskulen, praksisplassar frå NAV og elevar frå vidaregåande. Styrar i Reppen barnehage er Elin Bognøy .

## 2.0 Visjon og verdigrunnlag

Visjonen vår er:

**“TRYGGE, GLADE BARN – LEIK OG LÆRING HAND I HAND”**

For oss i Reppen er det viktig at barna opplever at dei har det trygt og godt i barnehagen. Dersom ein er trygg og trivs har ein eit godt grunnlag for å kunne lære, meistre og utvikle seg. For å få barna trygge blir dei møtt av omsorgsfulle og tydelege vaksne som anerkjenner barna og gjer dei utfordringar tilpassa deira utvikling. Leik står sentralt hos oss. Me vil ha ein barnehage der barna ler, har det kjekt, smilar og får leike på sine premisser. I leiken gjer barna seg mange gode erfaringar, dei meistrar, lærar og trenar opp den sosiale kompetansen. Barnehagen legg til rette for gode lærings situasjonar gjennom leik og støtte, og rettleiar barna i leiken.

## 3.0 Formål og innhald

Formålet med barnehagen er å gi barna ein trygg og god stad der dei kan leike, utfolde seg, skape og undre seg. «*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling*» (Barnehageloven §1. Formål, 1.ledd). Barna skal utvikle grunnleggande ferdigheiter og kunnskapar, dei skal oppleve vennskap og fellesskap og dei skal få medverke tilpassa alder og forutsetningar. Som visjonen til barnehagen visar, står tryggleik, leik og omsorg sentralt i vår barnehage. Sjå reppenbarnehage.no for å lese om korleis me jobbar med dei områda.

## 4.0 Årsplan 2022-2023

Årsplanen byggjer på Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehage. Årsplanen visar korleis vår barnehage jobbar for å oppfylle krava i Rammeplanen. Vår hovudsatsing er på området «Livsmestring og helse». Me har dei siste åra jobba med utviklingsarbeidet «Førebygging av omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep». Dette vil me halde fram med også dette barnehageåret. Me vil og halde fram med «Språkarbeid» og «Berekraftig utvikling». I årsplanen har me eit hovudmål for kvart område og fleire delmål. Kva me arbeider med og korleis vil kome fram i vekeplanane og månadsplanane til gruppa og det kan vere ulikt frå gruppe til gruppe. Dette gjer at det er større rom for barna si medverknad i planane og arbeidet.

#### 4.1 Livsmeistring og helse

Barnehagen skal ha ei helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosiale forskjellar og førebyggje krenkingar og mobbing. I samsvar med visjonen vår: "Trygge, glade barn- leik og læring hand i hand" jobbar me for at barna skal oppleve trivsel, meistring og livsglede. Alt med støtte frå nære omsorgspersonar.

Gjennom leiken, som står sentralt i arbeidet med livsmeistring, utviklar barna sin sosiale kompetanse og å regulere følelsane sine. Dei utviklar vennskap, møter medgang og motgang, utviklar leikekompetanse og ikkje minst opplever dei tilhøyrse til fellesskapet. Desse erfaringane gjer at barna opparbeider ei oppfatning av seg sjølv, andre, og verda rundt seg.

*«Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å mestre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler» (RP 2017:11).*

#### **Kropp, seksualitet og grenser.**

For at barn skal utvikle meistringskompetanse for eiga helse og ein helsefremjande livsstil er det viktig med tilpassa kunnskap om kropp, seksualitet og grenser.

*«Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser» (RP 2017:49).*

Når barna kjem med spørsmål og undrar seg over kropp og seksualitet er det viktig at nære omsorgspersonar i barnehagen og i heimen møter dei med respekt, kunnskap, toleranse og eit konkret svar. Slike samtalar med barn er eit viktig ledd i førebygginga av overgrep. Barn som kan namn på kjønnsorgan, har kunnskap om kroppens utvikling og seksualitet og om gode og vonde berøringar/hemmelegheiter er meir rusta til å fortelja om dei har blitt utsett for seksuelle overgrep. I Reppen barnehage skal me gje barna den kunnskapen dei treng for å bli trygg på eigen kropp og kunne setje grenser for seg sjølv.



#### **Omsorgssvikt, vald og overgrep**

Barnehagar har eit ansvar for å førebygge og avdekke vald mot barn og at alle barn får alderstilpassa informasjon om vald og seksuelle overgrep. Personalet har dei siste åra fått kompetanseheving på områda førebygging av vald og overgrep, barns seksuelle utvikling, teikn og signal og bekymringsamtalar. For å halde dette ved like vil me jamleg gjennom året vere innom tema på personalmøte og me vil spesielt ha fokus på korleis me legg til rett for arbeidet med barna og korleis me arbeidar med den førebyggjande delen.

Føresette får alltid informasjon om kva me arbeidar med i barnehagen og i periodane der me tar opp tema som kan vere vanskeleg, som vald og overgrep, vil føresette få god informasjon i forkant om kva me har tenkt å snakka om med barna.

**Hovudmål for livsmeistring og helse:** Personalet skal arbeide for å førebyggje vald og overgrep og fremje god psykisk og fysisk helse hos barnet.

**Delmål:**

- Lære om ulike følelsar, kjenne att følelsar og handtere egne følelsar.
- Barna skal få utfordringar, gjere seg erfaringar med å møte motgang og oppleve meistring.
- Lære å setje grenser for seg sjølv og eigen kropp. Respektere andre sine grenser.

**Tiltak:**

- Bruke barnehagekvardagen til å gje barna gode meistringsopplevingar.
- Samlingar om følelsar, leik og vennskap.
- Vere tett på barna og støttande i leik og aktivitetar.
- Gje barna alderstilpassa kunnskap om kropp, seksualitet og grenser.

## 4.2 Språkarbeid

Språk som basiskompetanse er ein av barnehagen sine viktigaste oppgåver og vesentleg for barn si utvikling. Barnehagen skal vere med å gje barna eit variert språkmiljø og møte ulike språk, språkformer og dialektar. Språkleg kompetanse hos barn betyr noko for identitet, og for barn si evne til å forstå og kommunisera, samhandla og byggje relasjonar. Det er først og fremst språkstimuleringa i leiken og kvardagsaktivitetane som utviklar språket. «*Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.*» (RP: 2017:20)



I Reppen barnehage vil me legge til rette for at barna skal få god språkstimulering i leiken, der barna dagleg skal få oppleve glede, humor, spenning og engasjement, aleine og saman med andre. Høgtlesing og formidling av litteratur er ein viktig del av arbeidet med språk i barnehagen, og me i Reppen har eit stort utval av bøker som er tilgjengeleg for barna dagleg. Barnehagen får besøk av bokbussen kvar månad, og barna låner med seg bøker til barnehagen. I leik og samlingar vil me bruke språket aktivt, der me sett ord på konkretar og brukar ulike omgrep som er naturleg i leiken. Me brukar det visuelle som støtte til språket.

**Hovudmål for språkarbeid: Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagedagen og få delta i aktivitetar som fremjar språkutviklinga.**

**Delmål:**

- Legge til rette det fysiske miljøet slik at det bidrar til auka merksemd rundt språk, fortellingar, bokstaver, tall, ol
- La barna oppleve spenning og glede ved språk, høgtlesing, forteljing, song, rim og regler.

**Tiltak:**

- Tilrettelegging av det fysiske miljøet.
- Bruker bilete og enkle teikn som visuell støtte.
- Lesegrupper
- Bokkassar tilpassa barnegruppa
- Språk- og leseaktivitetar/Språkgruppe/Samlingsstund
- Brukar språket aktivt i leik og sett ord på konkretar og brukar ulike omgrep som er naturleg i leiken.
- Brukar song, rim og regler gjennom dagen.
- Synleggjer det språklege mangfaldet som er i barnehagen

### 4.3 Berekraftig utvikling

*«Berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggjande behova utan å øydeleggje framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Det handlar om å tenkje og handle lokalt, nasjonalt og globalt.» (RP 2017:10)*



Reppen skal vere ein stad som fremmer omsorg for verda me lever i, både her og no og i framtida. Gjennom arbeidet med berekraft skal barna få erfaringar og opplevingar som gjer at dei ser verdien av å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen rundt oss. Ved å bruke nærrområde som arena for leik og læring, vil me gi barna naturopplevingar der dei får gode moglegheiter til å bli kjent med naturen sitt mangfald og lære å ta vare på omgjevnadene. Dei vil og bli kjent med kva som finst i nærmiljøet av ressursar og bedrifter.

**Hovudmål: Alle barn skal får oppleve naturen som arena for lek og læring.**

**Delmål:**

- Gi barna moglegheit til å ta stilling i moralske dilemma og utvikle sin kritiske tenking. Legge grunnlag for at barna finn gode etiske løysingar.
- Få kjennskap til korleis menneske kan påverke og ta vare på naturen
- Gi barna gode matopplevingar, kjennskap til ressursar i naturen og innsikt i kor maten kjem frå.

**Tiltak:**

- Kjeldesortere papir, plast, glass, metall, restavfall
- Faste dagar med utegruppe der barna får gode erfaringar med naturen og nærmiljøet uansett vår og årstid.
- Redusere bruken av eingangsartikler.
- Plukke boss i nærmiljøet.
- Tenke gjenbruk i formingsaktivitetar og lek og bruke naturmateriale
- Føl naturen sin utvikling gjennom året, gjer oss kjent med ulike teikn på årstidar.
- Refleksjon rundt moralske dilemma. Utforskande og undrande tilnærming.

## 5.0 Årshjul

I årshjulet får ein oversikt over planleggingsdagar og kva tradisjonar vi har gjennom året. Dato og meir informasjon kjem på vekeplanane i Kidplan.

TRADISJONAR I BARNEHAGEN/TING Å HUGSE PÅ 2022-2023			
<b>August:</b>	12. Planleggingsdag	<b>Februar</b>	3. Planleggingsdag Samefolkets dag Karneval
<b>September</b>	16. Planleggingsdag Brannvernveke Foreldremøte	<b>Mars</b>	Barnehagedagen Påskefrokost
<b>Oktober</b>	Forut-kafe	<b>April</b>	Båttur for tigrane
<b>November</b>	4. Planleggingsdag Haustsuppe for besteforeldra til krokodillane	<b>Mai</b>	17.mai førebuing 17.mai-toget på Valestrand. (Foreldreregi) 19. Planleggingsdag
<b>Desember</b>	Luciafeiring Nissefest	<b>Juni</b>	Overnatting for elefantane Sommerfest i regi av foreldra
<b>Januar</b>	2. Planleggingsdag	<b>Juli</b>	Feriestengt veke 28, 29 og 30

## 6.0 Kultur og tradisjonar i Reppen barnehage

### Leik

Store delar av dagen er barna i leik og i leiken skjer det mykje verdifull læring. Dei gjer seg erfaringar med samspel og kommunikasjon. Dei lærer å hevde seg sjølv, ein opplever meistring og møter motgang. Leiken kan vere ein kanal for å få ut frustrasjon og bekymringar. For oss er det viktig å tydeleggjere for føresette kor viktig leiken er for den sosiale utviklinga. Leik er mykje meir enn det ein med fyrste augekast tenkjer det er. Leik er ikkje «berre» leik.

### Samlingsstund

Samlingsstund er ein naturleg del av norsk barnehagekultur og av barnehagen sin kvardag. Ei samlingsstund er ein planlagt og tilrettelagt stund der ein i fellesskap har fokus på ulike tema som fremjar den sosiale og språklege utviklinga. Nokre gonger i året har me fellessamlingar for hele barnehagen eller basane i Elefantsalen.

### Bursdagsfeiring

På bursdagen heng det eit kort på plassen til barnet og me heng ut flagg. Barnet får sitje i ein blå bursdagsstol i samlinga og får krone. Etter ønskje frå foreldregruppa vil me ikkje at bursdagsinvitasjonar blir lagt i hyllene til barna. Ønskjer ein telefonliste, ta kontakt med personalet.

### Skulegruppe

Det siste året barnet går i barnehagen er det med på Skulegruppe saman med dei andre elefantane. Sjå kapittelet om overgangar for meir informasjon.

### Utegruppe

Kvar veke har barna eni fast dag dei er ute på tur store delar av dagen. Dette gir barna varierte naturopplevingar gjennom heile året.

### Brannvernveke

Kvart år i september deltar barnehagen i nasjonal brannvernveke der me har fokus på brannvernarbeid saman med brannbamsen Bjørnis.



### Forut

Forut barneaksjonen er noko barnehagen har gjennomført i mange år. Gjennom arbeidet blir me kjent med barn frå andre delar av verda og me får sjå korleis deira kvardag er. På slutten av prosjektet har me ein kafe for familieane der me sel mat og varar barna har laga i perioden. Me sel og varar frå Forut. Alt er til inntekt til Forut sitt arbeid. Les meir om Forut her: <https://forut.no/barneaksjonen/>



### Haustsuppe



Besteforeldra til krokodillegruppa blir invitert til barnehagen i løpet av hausten. Barna lagar invitasjonar til besteforeldra. Om ikkje besteforeldre kan komme er andre velkommen som gjest til barnet.

## Jul

November og desember brukar me til å gjere oss kjent med julehøgtida og førebur oss på julefeiringa. Me har mange tradisjonar i desember, blant anna juleverkstad, Lucia-tog og Nissefest. I samband med Lucia-dagen kler me oss i kvite klede, har lys og glitter i håret og går i tog for kvarandre på basane. Nokon besøkjer og Eldresenteret på Valestrand. Me har også Nissefest i løpet av desember. Me tar på oss finklede, nissedraktar og nisselue og samlast i Elefantsalen til song og juletrøngang. Ofte kjem og Nissen på besøk 🎅🧝

## Samefolkets dag

I samband med Samefolkets dag 6.februar blir me kjent med samiske tradisjonar og kultur.

## Karneval

I Reppen har me ein markering i februar i samband med fastelavn der me kler oss ut og har fest. Nokre gongar er dette ein temafest som f.eks Låvedans, andre gonger er det ein vennefest der me pyntar oss og dekkar langbord.

## Barnehagedagen

Barnehagedagen blir markert av barnehagar i heile landet kvart år. Då blir det satt fokus på ulike tema og formålet er å synleggjere kva barna får oppleve, erfare og lære i barnehagen.

## Påske

I perioden før påske lagar vi påskepynt og gjer oss kjent med kvifor me feirar påske. Me har og påskefrukost for føresette.

## 17.mai

Før 17.mai gjer me oss kjent med kvifor vi feirer 17.mai og me markerer dagen i barnehagen med å gå i tog. På Valestrand går Reppen i 17.mai-toget med eigen fane. Dette er det foreldrerepresentantane som har ansvar for.



## Båttur

Kvart år inviterer Alvar og Mallika tigergruppa med på båttur. Turen går då til Håøyne der me leikar, grillar og kanskje badar me litt og. Føresette blir og invitert med på turen.

## Overnatting i barnehagen for Elefantane

I mai/juni det siste året i barnehagen får elefantane overnatte. Dette markerer slutten på barnehagetida og er avslutninga for elefantane. Føresette blir invitert med på kvelden når me delar ut diplom, perm og ei overrasking til barna.

## Mangfald

I løpet av året markerer me inkludering og mangfald. I eit samfunn i stadig endring skal barnehagen være med å fremja openheit, toleranse og respekt. Alle skal oppleve å bli respektert og verdsett uavhengig av kjønn, religion, kultur, legning, funksjonsevne ol.

## Sommarfest

Kvart år har gruppene avslutning før sommaren. Det er foreldrerepresentantane som har ansvaret for gjennomføring av festen, men har dialog med barnehagen om korleis festen skal gjennomførast. Nokre år er den gruppevis, andre gonger basevis eller heile barnehagen.



## 7.0 Fagområda

I rammeplanen er det sju fagområde barnehagen skal jobbe ut i frå. Desse dekkjer eit vidt læringsfelt og opptrer sjeldan isolert i barnehagen. I samband med leik, turar, prosjektarbeid og kvardagsaktivitetar er oftast fleire av fagområda representerte. Arbeidet med fagområda skal tilpassast barna i høve til alder, modning og utviklingsnivå. Me har laga progresjonsplanar som me brukar som arbeidsverktøy og utgangspunkt for planane på gruppene. Barnehagen skal ta omsyn til barna sine interesser, ferdigheiter og kunnskapar i arbeidet med dei ulike fagområda.



### ***Kommunikasjon, språk og tekst***

Gjennom arbeide med dette fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle sin språkforståing, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Barnehagen skal bidra til at barna leiker med språk, symbol og tekst og stimulera til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling (RP 2017).

*Korleis barnehagen jobbar med fagområdet:*

- Les, syng, brukar rim og regler og dramatiserer.
- Me gir oss tid til å lytte til det barna fortel og er observante både på den verbale og non-verbale kommunikasjonen deira.
- Språket blir brukt aktivt med eit variert ordforråd og me synleggjer ulike språk og dialektar.
- Det fysiske miljøet er tilrettelagt for å stimulera språkutviklinga.

### ***Kropp, rørsle, mat og helse***

Barnehagen skal legge til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal verte inkludert

i aktivitetar der dei kan få vere i rørsle, leik og sosial samhandling og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnadar (RP 2017).

*Korleis barnehagen jobbar med fagområdet:*

- Serverer alle måltid i barnehagen med fokus på næringsrik og sunne matvarer.
- Dagsrytmen gir variasjon mellom måltid, aktivitet og kvile.
- Legg til rette for både fin- og grovmotoriske aktivitetar inne og ute.
- Går på turar i nærmiljøet gjennom heile året og i all slags vêr.
- Gir barna gode vanar i høve til mat, handvask og hygiene.

***Kunst, kultur og kreativitet***

I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna anledning til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skapa eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. (RP 2017)

*Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:*

- Me legg til rette for at barna kan nytte ulike formingsmateriale.
- Me viser respekt for barna sine uttrykksformer og oppmuntrar dei til å utfalde seg.
- Leikar og materiell som stimulera til kreativ utfolding er tilgjengeleg for barna.
- Syng, høyrer på musikk og dansar.

***Natur, miljø og teknologi***

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremme forståinga for naturen sin eigenart og barnas vilje til å verne om naturressursane, bevare biologisk mangfald og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve tilhøyrslse til naturen (RP 2017).

*Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:*

- Me nyttar skogsområdene i nærleiken til å gå turar og me er ute kvar dag uansett vêr.
- Me undrar oss saman med barna over ting som skjer i naturen.
- Barna får erfaring med ulike tekniske apparat og reiskap.
- Barna får kjennskap til kjeldesortering og miljøvern.

***Etikk, religion og filosofi***

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten me oppfattar verda og menneske på, og pregar verdiar og haldningar. Barnehagen skal skape interesse for samfunnets mangfald og forståing for korleis andre mennesker vel å leve sitt liv (RP 2017).

*Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:*

- Lærar barna å respektere at me er ulike.
- Oppmodar barna til å lytte og høyre på kvarandre.
- Markerer ulike høgtider som er representert i barnegruppa
- Undrar oss saman med barna om fenomen me ikkje heilt kan forklare.

### **Nærmiljø og samfunn**

Barn si medverknad i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, oppleving og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjent med eiga nærmiljø, samfunnet og verda. (RP 2017)

*Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:*

- Brukar nærmiljøet når ein går på tur.
- Samtalar med barna
- Lar barna få ta del i avgjersler som påverkar deira dag i barnehagen.

### **Tal, rom og form**

Fagområdet handlar om å oppdaga, utforska og skapa struktur. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og legge til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i daglegliv, i teknologi, natur, kunst og kultur og ved seg sjølv å vere kreative og skapande. (RP 2017)

*Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:*

- Me støttar og byggjer vidare på barns nysgjerrigheit og interesse for tal, rom og form.
- Barna får erfaring med tid gjennom dagsrytmen i barnehagen.
- Har tilgjengeleg ulike typar spel som tar for seg formar, tal ol.

## **8.0 Barns medverknad**

*«Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få muligheten til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet» (Barnehageloven §3).*

Personalet må lytte til barna og vere opne for uttrykksmåtene deira. Dei må møte barna på ein anerkjennande måte og oppmuntre dei til å gje uttrykk for tankar og meiningar. Personalet må vere fleksible og lydhøyr for barna sine interesser og lytte til deira ønskje. Dei vaksne må fanga opp dei signala barna sender ut, både munnlege og kroppslege, og gjere seg nytte av dette i arbeid med barna. Barns medverknad er viktig for å sikre kvalitet i barnehagen. Når barn får vere med å bestemme noko, får dei erfare at det dei seier betyr noko, og dei ser at dei har innverknad på eigen kvardag. Dette gir sjølvtilitt og gode erfaringar med å ta avgjersler og sjå konsekvensar av dei vala dei tar. Gjennom kvardagslege aktivitetar og leik observerer og samtalar personalet med barna for å fange opp deira interesser og deira ønskjer. I barnehagen brukar me dette til å forme innhaldet i årsplanen og månadsplanar.

## **9.0 Samarbeid mellom heim og barnehage**

Barnehagen sitt mål for foreldresamarbeidet er å skape eit ope og tillitsfullt forhold mellom barnehage og heim. Barnehagen må respektere foreldra sine ønskje og ta omsyn til dei i

tilrettelegginga for barna samtidig som føresette må ha innblikk i og forståing for barnehagekvardagen.

---

*«Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.» (RP 2017: 29)*

---

Kontakten mellom barnehage og foreldre går føre seg først og fremst i dei daglege bringe- og hentesituasjonane. Her kan ein utveksle nødvendig informasjon om barnet og snakke om korleis barnet har hatt det i barnehagen. To gonger i året får føresette tilbod om foreldresamtale. Me ønskjer at foreldra skal kjenne at dei er med på å forme innhaldet i barnehagen. Gjennom foreldremøte (1-2 gonger i året), samtaler og undersøkingar får foreldra høve til å påverke arbeidet i barnehagen.

Barnehagen nyttar ei nettbasert kommunikasjonsløyising kalt Kidplan. Her vil informasjon om barnet vere samla og barnehagen legg ut månadsplanar og synleggjer det pedagogiske arbeidet. Foreldra kan enkelt ha oversikt over planane, registrere fråvær og sende meldingar til barnehagen.

#### 9.1 Foreldrerådet, Foreldreutvalet og Samarbeidsutval

Lov om Barnehagar. § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval *”For å sikra samarbeid med barnas heim, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.”* I Reppen er alle foreldra ein del av foreldrerådet. Foreldra vel 5 representantar, ein frå kvar gruppe, dette utgjer Foreldreutvalet (FU). I FU vel ein ein leiar og ein nestleiar, desse vil vere foreldra sine representantar i samarbeidsutvalet i Reppen barnehage. Ein vert valt for to år om gongen. Samarbeidsutvalet, SU, består av føresette, tilsette i barnehagen og barnehagen sin eigar. Me har to faste møter i året i samarbeidsutvalet, eit om hausten og eit om våren/sommar.

## 10.0 Overganger

### 10.1 Å starte i barnehagen

Å starte i barnehagen er ein stor endring for både barn og føresette. For oss er det viktig at barna blir trygge og får ein god start i barnehagen. Derfor har me besøksdagar og foreldremøte i forkant av oppstart. I tilvenningsperioden er føresette med gjennom heile dagen og alle barna får ein primærkontakt som skal vere ein tryggleiksperson for barnet når føresette ikkje er til stades. Meir informasjon om tilvenning finn de i «Informasjonsbrosjyre ved oppstart i barnehagen» på [reppenbarnehage.no](http://reppenbarnehage.no)

## 10.2 Overgang frå Jungelen til Sumpen.

Det året barnet fyller 3 år, vert det flytta frå Jungelen til Sumpen. I mai får føresette eit brev med plan for overgangen. I løpet av mai og juni vil barna besøke Sumpen og gjere seg kjent med kvardagsaktivitetane og dagsrytmen der. Det er alltid ein vaksen med frå Jungelen når barna besøker Sumpen. Siste dagen barnet har på Jungelen før sommaren får barnet bera korga si med byteklede inn på Sumpen. Me prøver også at ein frå personalet på Jungelen startar på Sumpen saman med barna på hausten.

## 10.3 Overgang barnehage-skule

Barnehagen skal i samarbeid med skulen og foreldra leggje til rette for at overgangen frå barnehagen til skulen vert best mogleg for barna. På våren byrjar for alvor førebuinga til skulestart. I februar er det innskriving på skulane og i løpet av våren er det fleire møter mellom skule og skulestartarane. På besøksdagane følgjer barnehagen barna til skulen der dei får innblikk i skuledagen og treffe andre elevar ved skulen. Dei får og møte fadrane sine. Personell frå skulen og fadrane kjem på besøk i barnehagen i løpet av juni. Skulane arrangerer førskuledagar i juni der foreldra følgjer barna. På desse dagane får barna høve til å verte betre kjent med lærarane og dei andre barna dei skal gå i klasse med. Skulen får og eit skriv i frå barnehagen der det står litt om kva me har jobba med det siste året i barnehagen.

### 10.3.1 Skulegruppa

I barnehagen jobbar me for at barna som skal byrjar på skulen er best mogleg førebudd på korleis det er på skulen. For dei eldste barna, Elefantane, har med Skulegruppe ein gang i veka. Skulegruppa er eit av tiltaka me har i barnehagen for å førebu barna på overgangen. Tema i skulegruppa er:

- Vere ein god ven, sosiale ferdigheiter
- Sjølvtende og ansvar: Kle på seg sjølv, gå på do åleine, huske å vaske hender, halde orden i eigne ting.
- Vente på tur, både i leik, spel og samtale.
- Konsentrasjon
- Lytte ut bokstavlydar, rim/reglar, korte/lange ord, klappe stavingar
- Telle, geometriske formar, sortere, samanlikne, lengde/mengde
- Preposisjonar, overomgrep, klippe, fargane, blyantgrep
- Omgrep, språk og formuleringsevne
- Skrive namnet sitt



## 11.0 Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ein pedagogisk verksemd som skal planlegge, dokumentere og vurdere arbeidet sit jamleg. Barn og føresette har rett til medverknad i desse prosessane.

### 11.1 Planlegging

Barnehagen har 6 planleggingsdagar i året . I tillegg har me pedagogmøter og personalmøte. Møter blir brukt til å planleggje det pedagogiske arbeidet i barnehagen og resulterer i årsplanar og månadsplanar for kvar gruppe.

I Reppen barnehage skal planlegginga av det pedagogiske arbeidet baserast på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, barnesamtalar, foreldresamtalar og innspel frå Samarbeidsutvalet.

### 11.2 Dokumentasjon

Dokumentasjon viser korleis barnehagen arbeidar for å oppfylle krav i barnehagelova, rammeplan og årsplan. Dokumentasjonen blir brukt som eit grunnlag for refleksjon og vidareutvikling av arbeidet. Den viser og arbeidet vårt til føresette, kommunen, lokalsamfunnet og eigar. Dokumentasjonsverktøy i vår barnehage er: Rapportar på Kidplan, observasjon, brukarundersøkingar, foreldresamtalar, medarbeidarundersøking, didaktiske planar.

### 11.3 Vurdering

Systematisk vurdering vil leggje grunnlaget for barnehagen som ein lærande organisasjon. Den sikrar at me kontinuerleg endrar og tilpassar arbeidet i barnehagen, behova i barnegruppa, personalgruppa og foreldregruppa. Me bruker personalmøta og gruppemøta til å vurdere arbeidet med Livsmeistring og helse, Språkarbeid og Berekraftig utvikling.

På foreldresamtalar og gjennom brukarundersøkingar for føresette vurdere barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

